

Elida på Ulla

På Ullahammer er 84 år gamle Elida Ulla i full sving med å slå graset framfor husa. For 100 år sidan var det eit yrande handelsliv her ute mot havet på Ulla. No er fred og ro det vi først legg merke til rundt dei velstelte husa.

Elida Ulla slår graset framfor grannehuset òg. For om ikkje så altfor lenge kjem dottera, Herdis Ulla Rosell, for å feriere der. Sist julafoten kunne Sunnmørsposten sine leesarar lese om Herdis, som er tekstilkunstnar og busett i Marbella på den spanske solkysten. Dit flytta ho og hennar svenske mann for 16 år sidan, etter at dei hadde seld alt dei eigde heime i Sverige. Dei var mellom dei fyrste utlendingane som busette seg i dette området, som no er sjølve «instaden» langs Middelhavet.

Eg reiser som oftast ein tur ned til Marbella for å vitje Herdis kvar vinter, seier Elida. Ho er rask til beins, og viser oss rundt i det velstelte feriehuset på Haramarsøya. Sjølv bur ho i Nørvegata i Ålesund når ho ikkje er på Ulla eller i Marbella. Klimaet vinterstid er mykje betre i Spania enn i Ålesund, men når sommaren kjem er det til den gamle handelsstaden på Ulla familien søkjer. På kjøkenet er det bordplass til 10 personar, og oppå loftet er det godt med sengeplass. Her voks eg opp frå eg var fire år gammal, fortel Elida. Huset fra 1844 minner ikkje så reint lite om dei kvite skipperhusa som vi ser langs sørlandskysten.



Ein pust i bakken må 84 år gamle Elida Ulla unne seg. Ho var i full sving med å slå graset framfor den gamle handelsstaden på Ulla då Sunnmørsposten kom på vitjing.

(Foto: Jan Arve Dale)